

PLAN FOR FORVALTNING AV HJORTEVILT I LEIKANGER

2014 – 2017

Godkjent av Leikanger formannskap i sak 101/14 i møte 16.10.14

I forskrift om forvaltning av hjortevilt heiter det i § 1 formål : «Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings – og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.»

I § 3 Mål for forvaltning av elg , hjort og rådyr heiter det : « Kommunen skal vedta målsettinger for utviklingen av bestandene elg , hjort og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e).

Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord – og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

STATUS.

Det er opna for jakt etter hjort i Leikanger gjennom forskrift om jakt etter hjort i Leikanger. Minstearealet for hjort i Leikanger kommune er 600da.

Leikanger storvald dekker heile kommunen. Godkjent tellande areal er 95510 da. Det er stor grad av grunneigarstyrt forvaltning i Leikanger.

Det er gjort observasjonar av rådyr i kommunen. Kommunen har førebels ikkje opna for jakt etter rådyr.

Vi er ikkje kjende med at det er bestand av elg i kommunen.

År	Tildelte løyve	Felte hjort	Fellingsprosent
2006	86	67	78
2007	86	71	82
2008	86	87	101
2009	86	87	101
2010	86	93	108
2011	150	85	56
2012	159	72	45
2013	159	95	59

Verdien av jakta på hjort i 2013 knytt til kjøtverdi , 95 slakt a 50 kg utgjær 4750 kg. Verdi kr 70 ,- pr. kg utgjær i alt kr. 332.500,- . Jaktverdien vert ofte sett til kr 7.000,- pr. dyr. Dette utgjær 665.000,-. I tillegg kjem verdien av mat og overnatting, guiding m.m. Det meste av jakta i Leikanger er knytta til fritidsaktivitet og matauk. Jakta i Leikanger er i liten grad næring.

Ettersøksarbeid: Leikanger kommune har avtale med Sogndal ettersøkslag. Dei vert nytta til kommunale søk , - m.a. søk etter påkøyrde dyr. Fleire jaktfelt/jegerar har og avtale med Sogndal ettersøkslag. Nokre jegerar har eigen hund.

Skader: Frå tid til anna er det påkøyrse av hjort i kommunen. Dette ligg på kring eitt dyr pr. år og skjer helst i ytre del av bygda (Grinde – Hella).

Det er vanleg med skader på frukt p.g.a. hjort. Det har vore sett opp mykje hjortegjerde i kommunen for å unngå slike skader.

Kommunen er ikkje kjend med påkøyrse av rådyr så langt. Rådyr vil vere vanskelegare å halde borte frå alle typer hagar ettersom dei ikkje let seg stogge av eit hjortegjerde.

Skadefelling av hjort og rådyr vert regulert av forskrift om felling av viltarter som gjer skade og naturmangfaldlova. Søknad om løyve til felling av skadegjerande dyr skal handsamast som hastesaker.

Jaktoppsyn: Kommunen har i ein periode nytta jaktoppsyn innleigd frå Luster kommune. Det er no aktuelt å vidareføre samarbeidet med Einar Fortun som jaktoppsyn.

Viltfond: Kommunen har nytta viltfondet til å delta i hjorteforvaltningsprosjektet. Det vert og nytta til kjøp av tenester frå Sogndal ettersøkslag og til kjøp av oppsynstenester. I tillegg har det vært nytta til oppsetting av hjortegjerde.

Mål:

Leikanger kommune har som målsetting å ha ein hjortebestand tufta på naturleg næringstilgang. Bestanden skal være på nivå med bestanden i perioden 2006 – 2013, då dette har synt seg å vere ein bestand til glede for grunneigarar og jegerar samstundes som det ikkje har ført til store skader på frukt næring eller påkøyrslar.

Rådyr er ikkje ein truga dyreart. Vi er ikkje kjende med at bestanden i Leikanger er så stor. Det er viktig i Leikanger å prioritere næringsaktivitet m.a. fruktproduksjon og juletreproduksjon. Rådyr let seg ikkje halde ute ved bruk av hjortegjerde . Det er i praksis vanskeleg å nytte førebyggjande tiltak mot rådyr. Det er difor ikkje ynskjeleg at bestanden av rådyr veks seg altfor stor. Det tek tid å få på plass rådyrvald og byggje opp kompetanse og erfaring med jakt på rådyr.

Strategi:

- Samarbeide med Leikanger storvald
- Samarbeide med Sogndal og Balestrand kommunar
- Nytte fråvik frå minsteareal og tildele rundt 120 løyve pr. år , - fylgje med på utviklinga i hjortebestanden, og justere fellingsløyve i høve tal felte dyr, fellingsprosent og skader

- Opne for rådyrjakt gjennom å endre forskrift om jakt etter hjort i Leikanger
- Tildele skadefellingsløyve når det er naudsynt
- Halde fram med bruk av jaktoppsyn
- Halde fram samarbeidet med Sogndal ettersøkslag